

Oversikt over endringar

Gjeldande forskrift	Ny forskrift
§ 1	
<p>§ 1 Føremål Føremålet med forskrifta er regulering av atferd og parkering på og langs Tinnhølvegen frå avkøyring frå RV7 v/Tråastølen til og med parkeringsplassen på Tinnhølen og på Tråastølen. Føremålet med forskrifta er å regulere overnatting i bubil, campingvogn, telt og tilsvarande innretningar på parkeringsplassen ved Tinnhølen og på og langs Tinnhølvegen.</p> <p>Forskrifta skal bidra til å hindre unødig slitasje på terreng og natur samt forstyrring av dyreliv. Forskrifta skal fremja at villreinen kan bevega seg fritt i trekksoner, disse trekksonene er definert med omsynssoner i reguleringsplanen for Tinnhølvegen med damområdet, planid. 2009002.</p> <p>Forskrifta skal fremja ålmenta sin tilgang på areal for parkering som utgangspunkt for bruk av resten av Hardangervidda.</p>	<p>§ 1 Føremål Føremålet med forskrifta er regulering av atferd og parkering på og langs Tinnhølvegen frå avkøyring frå RV7 v/Tråastølen til og med parkeringsplassen på Tinnhølen og på Tråastølen. Føremålet med forskrifta er å regulere overnatting i bubil, campingvogn, telt og tilsvarande innretningar på parkeringsplassen ved Tinnhølen og på og langs Tinnhølvegen, og på parkeringsplassen ved Tråastølen.</p> <p>Forskrifta skal bidra til å hindre unødig slitasje på terreng og natur samt forstyrring av dyreliv. Forskrifta skal fremja at villreinen kan bevega seg fritt i trekksoner, disse trekksonene er definert med omsynssoner i reguleringsplanen for Tinnhølvegen med damområdet, planid. 2009002.</p>
<p>Kommentar: Paragrafen sitt fyrste ledd siste setning har fått presisert at føremålet også gjeld Tråastølen. Forskrifta si føresegna om overnatting gjeld også Tråastølen, men Tråastølen var ikkje teke med i føremålet sist. Tredje ledd vert stroke fordi det er misvisande overfor kva intensjonen med forskrifta er.</p>	
§ 2	
<p>§ 2 Virkeområde</p> <p>Parkeringsforskrifta vil gjelda frå og med avkøyring frå Rv7 ved Tråastølen og til bommen inn til Byen ved Tinnhølparkeringa. Den gjelder sjølvvegen med tilhøyrande grøfter. Den gjelder parkeringsplassar på Tråastølen, Tinnhølen og føresegnsområda merka med #1 (v/Bjoreidalstjørna) og #2 (v/Bjoreidalen) i reguleringsplanen for Tinnhølvegen med damområdet, planid. 2009002. For reglar knytt til telting gjeld i tillegg nemnte soner på 200 og 400 meter utanfor avgrensa område. Forskrifta gjeld alle besøkande og brukarar av Tinnhølvegen og parkeringsplass på Tinnhølen</p>	<p>§ 2 Virkeområde</p> <p>Parkeringsforskrifta vil gjelda frå og med avkøyring frå Rv7 ved Tråastølen og til bommen inn til Byen ved Tinnhølparkeringa. Den gjelder sjølvvegen med tilhøyrande grøfter. Den gjelder parkeringsplassar på Tråastølen, Tinnhølen og føresegnsområda merka med #1 (v/ Bjoreidalstjørna) og #2 (v/ Bjoreidalen) i reguleringsplanen for Tinnhølvegen med damområdet, planid. 2009002. For reglar knytt til telting gjeld ei forbodssone som er avgrensa i vedlegg I. Forskrifta gjeld alle besøkande og brukarar av Tinnhølvegen og parkeringsplass på</p>

<p>og Tråastølen og regulerer bruk, parkering og overnatting i virkeområdet.</p> <p>Alle typar køyretøy definert som motorvogn etter vegtrafikklova fell innunder forskrifta.</p> <p>Forskrifta gjeld heile året.</p>	<p>Tinnhølen og Tråastølen og regulerer bruk, parkering og overnatting i virkeområdet.</p> <p>Alle typar køyretøy definert som motorvogn etter vegtrafikklova fell innunder forskrifta.</p> <p>Forskrifta gjeld heile året.</p>
<p>Kommentar: Fyrste ledd fjerde setning endra frå å skildre forbodssone for telting til å henvise til vedlegg I som er eit kart over forbodssona.</p>	
<p>§ 3</p>	
<p>§ 3 Parkering</p> <p>Parkering av motorvogn skal skje på parkeringsplass på Tinnhølen og Tråastølen og i tillegg på #1 og #2 i reguleringsplanen for Tinnhøelvegen med damområdet, planid. 2009002. Parkering på parkeringsplass på Tråastølen og Tinnhølen skal skje slik reguleringsplanen for Tinnhøelvegen med damområdet, planid. 2009002, syner. Traktorar kan parkere på plassar avsett til personbilar dersom plassar for traktorar er fulle.</p> <p>På parkeringsplassen på Tråastølen og Tinnhølen, samt parkeringsområde markert med #1 og #2 i reguleringsplanen for Tinnhøelvegen med damområdet, planid. 2009002 er det forbod mot overnatting i motorvogn, til dømes bubil, campingvogn, personbil og prærievogn.</p> <p>I omsynssoner for villrein, H560, markert i reguleringsplanen for Tinnhøelvegen med damområdet, planid. 2009002, er all parkering forbode til ein kvar tid. Desse sonene vil ved behov vera stengt i kortare periodar av omsyn til villreinen sitt trekk</p>	<p>§ 3 Parkering</p> <p>Parkering av motorvogn skal skje på parkeringsplass på Tinnhølen og Tråastølen og i tillegg på #1 og #2 i reguleringsplanen for Tinnhøelvegen med damområdet, planid. 2009002. Parkering på parkeringsplass på Tråastølen og Tinnhølen skal skje slik reguleringsplanen for Tinnhøelvegen med damområdet, planid. 2009002, syner. Traktorar kan parkere på plassar avsett til personbilar dersom plassar for traktorar er fulle.</p> <p>I omsynssoner for villrein, H560, markert i reguleringsplanen for Tinnhøelvegen med damområdet, planid. 2009002, er all parkering forbode til ein kvar tid. Desse sonene vil ved behov vera stengt i kortare periodar av omsyn til villreinen sitt trekk.</p>
<p>Kommentar: Paragrafen sitt andre ledd er flytta til § 4.</p>	
<p>§ 4</p>	
<p>§ 4 Telting og anna form for friluftsovernatting</p> <p>Det er ikkje tillatt å slå opp telt eller liknande innretningar på, og i ein sone på 400 meter omkring parkeringsplassen på Tinnhølen.</p> <p>Tilsvarande er det ikkje tillatt å slå opp telt eller liknande innretningar i ein sone på 200 meter på kvar side av Tinnhøelvegen frå Tråastølen til Tinnhølen</p>	<p>§ 4 Overnatting</p> <p>På parkeringsplassen på Tråastølen og Tinnhølen, samt parkeringsområde markert med #1 og #2 i reguleringsplanen for Tinnhøelvegen med damområdet, planid. 2009002 er det forbod mot overnatting i motorvogn, til dømes bubil, campingvogn, personbil og prærievogn.</p>

	<p>Innanfor forbodssone mot telting er det forbod mot å setje opp telt eller liknande innretningar. Forbodssonen er definert og avmerkt i Vedlegg I.</p> <p>Det er ikkje tillat å slå opp telt eller liknande innretningar på parkeringsplassane på Tråastølen, Tinnhølen eller #1 og #2.</p>
<p>Kommentar: Paragrafen sitt nye fyrste ledd er flytta ned frå § 3. Det er sett på som hensiktsmessig å samle reglar som gjeld overnatting på eitt sted. Forbodssone for telting justert og er no avgrensa i kart i Vedlegg I.</p>	
§ 5	
Ingen – ny paragraf.	<p>§ 5 Opningstider på Tinnhølvegen</p> <p>Tinnhølvegen er open frå 01.07 til 01.10 kvart år. Utanom opningstid er vegen steng med bom ved Tråastølen.</p>
<p>Kommentar: Ny paragraf som regulerar opningstider for Tinnhølvegen. Dette er ei formalisering av gjeldande praksis.</p>	
§ 6	
§ 5 Gebyr	§ 6 Gebyr
Gebysats for køyring på vegen og parkering vert vedteke av Eidfjord kommunestyre kvart år.	Gebysats for køyring på vegen og parkering vert vedteke av Eidfjord kommunestyre kvart år.
<p>Kommentar: Berre omnummering.</p>	
§ 7	
§ 6 Forvaltningsorgan	§ 7 Forvaltningsorgan
Forvaltningsorgan for denne forskrift er Eidfjord kommune.	Forvaltningsorgan for denne forskrift er Eidfjord kommune.
<p>Kommentar: Berre omnummering.</p>	
§ 8	
§ 7 Dispensasjon	§ 8 Dispensasjon
Det kan søkjast om dispensasjon frå alle deler av forskrifta. Dispensasjonssøknad skal sendast til Eidfjord kommune og vil handsamast hjå administrasjonen.	Det kan søkjast om dispensasjon frå alle deler av forskrifta. Dispensasjonssøknad skal sendast til Eidfjord kommune og vil handsamast hjå administrasjonen.
<p>Kommentar: Berre omnummering.</p>	
§ 9	
§ 8 Brot på forskrifta	§ 9 Brot på forskrifta
Brot på reglane gitt i føresegnene kan resultera i bortvising, bøtelegging og borttauing	Brot på reglane gitt i føresegnene kan resultera i bortvising og/eller bøtelegging.
<p>Kommentar:</p>	

Omnummering.

Reaksjon i form av borttauing er fjerna. Dette fordi det ikkje er aktuelt å taue bort ein bil i dette området grunna tryggleik. Me ser ikkje på det som forsvarleg å tau vekk bilen til nokon som ikkje er til stades ein plass utan dekning.

§ 10

§ 9 Ikrafttreding

Forskrifta trer i kraft straks

§ 10 Ikrafttreding

Forskrifta trer i kraft xx . Frå same tidspunkt opphevast forskrift 15. Mai 2023 nr 794 om atferdsreglar og parkering på og ved Tinnhølvegen i Eidfjord kommune.

Kommentar:

Omnummerering.

Dato for ikrafttreding vert endra og satt inn når endeleg versjon av forskrifta er vedteken. For å setje i kraft ny forskrift må den gjeldande opphevast og det er derfor lagt inn slik opphevingsføresegna.